

MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLER SINE KOMMENTARAR TIL MERKNADER

<b>Plannavn</b>	Haghaugen, felt B
<b>Arealplan-ID</b>	
<b>Saksnummer</b>	
<b>Utarbeidet av</b>	Ard arealplan as
<b>Datert/Revidert</b>	12.09.2014

<b>Avsender</b>	<b>Hovedpunkt i merknad / uttalelse</b>	<b>Forslagsstillers kommentar</b>
NGIR (23/5-2014)	1. Areal for renovasjon må vere stor nok og ha tilfredsstillande snumoglegheiter for renovasjonskøytøy. Areala bør ikkje ligge i nærleik til leikeplassar.	1. Tatt til følgje. Arealet ligg i nærleik til leikeområda, men trygge gangveggar er sikra utanom snumoglegheita. Leikeareala skal i høve til føresegnene sikrast med gjerde mot trafikkområde.
Statens vegvesen (26/5-2014)	1. Er tilfreds med rekkefølgekrav for rundkøyring på fv 565. Peiker på at Gangstøvegen 40-44 bør ha felles avkøyrslane.	1. Delvis tatt til følgje. Avkøyrslane til Gangstøvegen 40-44 er regulert som i vedteken områdeplan og som etablert. Tiltaka i planen vil ikkje råke desse areala eller vegane, slik at det ikkje bør stillast krav om ei endring av desse avkøyrslane i reguleringsplanen.
BKK Nett (2/6-2014)	1. Ber om å verte kontakta når prosjekteringa vert starta.	1. Tatt til følgje.
Fylkesmannen i Hordaland (4/6-2014)	1. Sykkelparkering bør løysast i planen ved at det vert sett av areal for dette.	1. Delvis tatt til følgje. Det er i føresegnene sikra krav til 3 sykkelparkeringsplasser under tak per eining.
Hordaland fylkeskommune (18/7-2014)	1. Rår i frå reguleringsplanen ut i frå omsynet til samordna areal- og transportplanlegging og ber om at utnyttingsgraden vert redusert. 2. Rår i frå utbygging av høgbløkkompleks i området av omsyn til landskap og friluftsliv. 3. Rår til at trafikksikker tilkomst til begge leikeplassane vert løyst i planen og sikra med rekkefølgekrav.	1. Ikkje tatt til følgje. Planområdet ligg i gangsavstand (litt over 1km) til skule og idrettsanlegg på Alver. Det er barnehage like i nærleiken til planområdet på Hilland. Heile Alverstraumenområdet har fleire utbyggingsprosjekt, og vil utvikle seg i retning som tettstad. 2. Ikkje tatt til følgje. Planforslaget legg opp til ei høg utnytting, men sikrar gjennom regulerte byggjehøgder at bygningar ikkje skapar siluettverknad og underkastar seg landskapet bak og rund utbyggingsområdet. Tomta ligg om lag 0,6km sjøareal der det ver synleg frå, men det kupperte landskapet vil sterkt avbøte for at bygg ikkje vert synleg frå fleire vinklar på sjøen. 3. Tatt til følgje. Dette er tilstrekkeleg sikra i føresegnene slik dei allereie er formulert.

